



BREMANGER KOMMUNE PLAN OG FORVALTNING

nve@nve.no

Vår ref.

15/213-3/K2-S11, K3-&13//IH

Dykkar ref.

Dato:

10.03.2015

Planlagt småkraftverk Insteelvane, vurdering av konsesjonsplikt, høyring

Vi viser til oversending jfr epost 15.01.15 om overnemnde. Planlagt kraftverk blir av tiltakshavar vurdert til ikkje å ha verknader for almenne interesser som tilseier konsesjonsplikt. Tiltaket omfattar m.a. byggjing av kraftverk i tilknytning til eksisterande Bjørndalen kraftverk, byggjing av 150 m ny veg, 550 m røyrgate, demning ca 64 m lang/3 m høgde og nytt neddemt vassareal med ca 3400 m². Kraftverket knytter seg til område med eksisterande kraftutbyggjing. Insteelvane kraftverk knytter seg til planlagt nytt Øksenelvane kraftverk, og dei to kraftverka vil til saman gje ein produksjon på 35 GWH.

Planstatus for området er landbruks-, natur- og friluftsområde, retningsline «der friluftsliv er dominerande», i kommuneplan, arealdelen, vedteken i Bremanger kommunestyre 27.04.04. Tiltaket vil såleis vere i strid med føremålet. Dersom tiltaket ikkje blir handsama som konsesjon etter vassressurslova, skal kommunen vurdere korleis tiltaket bør handsamast etter Plan- og bygningslova. Det vil då bli vurdert om tiltaket er så omfattande at det trengst reguleringsplan, for å få ein planprosess der arealbruken blir avklara etter ei heilskapleg vurdering og medverknad frå råka fagmynde, lag og organisasjonar m.v.

NVE bed kommunen om innspel om kjende almenne interesser som blir råka, og eventuelle andre tilhøve som kan ha noko å seie for gjennomføringa av tiltaket. Friluftsliv og jakt, først og fremst hjortejakt, er viktige interesser i dette området. Elles bed ein om at det blir vurdert nærare om kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å kjenne verknadene for almenne interesser, jfr krava i naturmangfaldlova. Sameleis bed ein om at vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk blir sett i lys av samla situasjon for området, der det er fleire kraftverksplanar, og revisjon av fleire kraftverk står før døra.

Med helsing

Inger Hilde
arealplanleggjar

Magnhild Myklebust
Magnhild Myklebust
leiar for plan og forvalting